



Eskil Moen vert truleg vararepresentant til Stortinget.

**Hordaland Frp har nominert til Stortingsvalet neste år, og uskedelingen Eskil Moen er nominert på 7.plass. Det betyr at han truleg får varamannsplass til Stortinget etter valet komande haust. Nominasjonskomiteen hadde ført opp Moen på 6.plass, men han tapte kampvoteringa mot Sigbjørn Framnes frå Stord.**

Framnes var opprinneleg ført opp på 7. plass, og dermed rykte Eskil Moen berre ned ein plass.

**Her er dei første på lista:**

1. Gjermund Hagesæter, Lindås
2. Helge Andre Njåstad, Austevoll
3. Laila Reinertsen, Os
4. Torkil Åmland, Bergen
5. Gunnar Bakke, Bergen
6. Sigbjørn Framnes, Stord
7. Eskil Moen, Kvinnherad

**Frå avisa Sunnhordland si nettutgåve saksar vi frå intervju dei har hatt med Moen i samband med nominasjonen:**

- Kva syns du om at du rykte ned på lista i dag, Moen?
- Eg tek det ikkje tungt. Eg blir vara på stortinget uansett, og legg ikkje vekt på om det er tredje eller fjerde vara eg blir, seier Eskil Moen.

25-åringen er sjølv sunnhordlending, og har vervet som nestleiar i Kvinnherad Frp.

- Kva syns du om at gamle Framnes skviser ungdommen ned på lista?

- Eg tykkjer ikkje alder er viktig. Både Sigbjørn Framnes og eg jobbar hardt for partiet, og det er det viktigaste, seier Moen.

Meir frå Sunnhordland om nominasjonen:

<http://www.sunnhordland.no/article/20121208/NYHENDE/121209829>

Foto: Ola Matti Mathisen.